

Radøy Kommune  
Rådmannskontoret  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

Sletta, 24.oktober - 2011

Viser til svar på klage vedr. vedtak om adressedeling (Ref: 11/256-8/ 11/6404/L32/HAS).

Ønsker å komma med tilbakemelding og merknader på dette.

Det er ønskeleg frå bebuarar langs vegen å ha namnet *Sjøbrekka*. Språkrådet svarar med å sei at namnet bør vera *Sjøbrekkene* med begrunnelse at namnet er oppskrive i fleirtalsform i Universitetet i Bergen sin Stadnamnbase (Oppskrivar: Kjersti Straume). Det er riktig at det står i fleirtal, men det er undrande at stadnamnkonsulentar Oddvar Nes, Ole-Jørgen Johannessen og rådgjevar/sekretær Kjell Erik Steinbru ved språkrådet ikkje skriv namnet riktig iht. basen, det står ikkje *Sjøbrekkene*, men *Sjøbrekkena*, med a'ending!

Namnet *Sjøbrekkena* er namn frå dyrka mark på gardsnummer 98/7 og 98/8 som ligg lenger nord på Mellingen på Sletta. Bebuarane langs den aktuelle vegen ser det som uforståeleg at det ikkje er mogeleg å nytta namnet *Sjøbrekka* på vegen som går frå Slettevegen til Sletta Kai. Radøy kommune, v/ass rådmann Leif Taule, har tidlegare gitt tilbakemelding på at namnet *Sjøbrekka* er eit namn som kan nyttast, *Sjøbrekka* er eit namn som ikkje eksisterer på bruk ift. vegnamn.

Med helsing

Kjersti Straume